

	Aukra kommune	Arkivsak: 2019/455-3 Arkiv: Saksbeh: Svein Rune Notøy Dato: 22.10.2019
--	----------------------	---

Saksframlegg

Utv.saknr.:	Utval:	Møtedato:
99/19	Formannskapet	04.11.2019

Melding om oppstart av planarbeid og høyring av planprogram - Klima og miljøplan 2020 – 2030

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet viser til plan- og bygningslova § 11-12 og vedtek å melde oppstart for arbeidet med klima og miljøplan 2020 – 2030. Samstundes vert forslag til planprogram lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i seks (6) veker med heimel i plan og bygningslova § 4-1 og 11-13.

Saksprotokoll i Formannskapet - 04.11.2019

Behandling

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedtatt.

Vedtak

Som tilrådinga frå rådmannen.

Vedlegg

1 Forslag til planprogram

Særutskrift: Etter adresseliste

Bakgrunn:

Aukra kommune sin gjeldande energi, klima og miljøplan vart vedteken av kommunestyret i møte den 24.06.2010, sak 68/10.

I Aukra kommune sin planstrategi 2017 – 2019, er det vedtatt å starte arbeidet med fleire planar i perioden, og revisjon av klima og miljøplanen er ein av disse.

Planen utdjuper tema som er fastlagt i kommuneplanen sin samfunnsdel, og vert derfor definert som ein kommunedelplan. I henhold til plan- og bygningslova § 4-1 er det krav om utarbeiding av planprogram for kommunedelplanar før sjølve planarbeidet startar opp.

Utgreiing:

Målet med planarbeidet er å få vedtatt ein oppdatert klima og miljøplan, gjeldande for tidsrommet 2020 – 2030. Med evaluering av gjeldande plan, ny kunnskap og nye føringar på internasjonalt, nasjonalt, regionalt og lokalt nivå, skal planen gi mål for ei meir berekraftig utvikling, og utarbeide strategiar for å nå desse måla.

Planprogrammet som no vert lagt fram gir ei oversikt over dei tema som skal tas opp i sjølve planen, gir ei beskriving av hovudutfordringane og hovudmåla, gjer greie for planprosessen og organiseringa av den, samt gjer greie for medverknad i planprosessen.

Rådmannen viser til vedlagte planprogram og tilrår at Formannskapet vedtek oppstart av planarbeidet og utlegging av planprogram til høyring og offentlig ettersyn.

Administrative konsekvensar:

Arbeidet med klima- og miljøplanen blir leia og koordinert av eining for tekniske tenester. Eininga etablerer ei arbeidsgruppe som inkluderer aktuelle fagtema i kommunen og hentar inn anna relevant fagkunnskap når dette trengst.

Folkehelsekonsekvensar:

Klima og miljø er grunnleggjane føresetnader for ei god folkehelse.

Økonomiske konsekvensar:

Det kjem kostnadar knytt til annonsering av oppstart og høyring av planprogram.

Ingrid Husøy Rimstad
Rådmann

Gerd Nerbø
Teknisk sjef

Rett utskrift 06.11.19

Martina S. Böttcher
Politisk sekretær